



## Notat

Dato: 06.07.2015  
Arkivsak: 2014/10030-42  
Saksbehandlar: annlau

---

**Til:** Opplærings- og helseutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Delvis samanslåing av Voss gymnas og Voss husflidskule frå 1. august 2015

Fylkesrådmannen viser til Fylkestinget sitt vedtak i sak 01/13, 12.03.13, «Skolebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2012 – 2025; del 2: Skole- og tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Hordaland». I dag er det 9 skular i Region Voss og Hardanger. Dei 5 skulane på Voss blir slått saman til Nye Voss vgs og Nye Voss gymnas. Medan utbygging og ombygging ved Voss vgs og Nye Voss gymnas føregår, skal undervisninga på Voss husflidskule, Rogne vgs og Voss vgs etter planen halde fram.

Oversikt i «Implementeringskart Skolebruksplan 27.05.13» syner oppstart ved Nye Voss gymnas 2016/2017. I dag er realistisk plan oppstart av gymnaset hausten 2017. Fleire omstende gjer at delvis samanslåing vert framskunda til hausten 2015. I referat frå møtet i Omstillingsutvalet 18. mai 2015 for Voss gymnas, Voss husflidskule, Voss vgs og Rogne vgs skule står fylgjande:

#### Nye Voss Gymnas:

*Unn Fauskanger, rektor for både «gamle» og «Nye» Voss Gymnas, 100%*

*Håvard Styve, assisterande rektor med rektor sine fullmakter, 100%*

*Husflidskulen definerer ein som ei avdeling under Voss Gymnas i ein omstillingsfase fram til Nye Voss gymnas står ferdig. Dei administrative oppgåvene blir ivaretatt slik:*

- *Eigen avdelingsleiar for Musikk, dans og drama og Formgjeving der delar av undervisninga blir gitt på Husflidskulen, Knut Brunvoll*
- *Elevinspektør og avdelingsleiar for Medium og kommunikasjon og fellesfaga, Terje Lydvo.*

*Målet er å oppretthalde leiarressursen ved skulane til dei nye skulane står ferdige i 2016 og 2017.*

Årsak til ovannemnde endring er at konstituert rektor på Voss husflidskule, Håvard Vambheim Styve, er tilsett som assisterande rektor på Nye Voss gymnas frå 1. august 2015. Konstituert assisterande rektor og avdelingsleiar på Voss husflidskule, Rannveig Dagestad, er i foreldrepermisjon frå juni 2015, og skulen vil derfor stå utan leiing. Det er utfordrande å konstituera både ny rektor og assisterande rektor for ein kort periode.